



«Mottakernavn»
«Adresse»
«Postnr» «Poststed»
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Henriette Bye, 5764 3008

Melding om oppstart av arbeid med vern av natur på Buholmen i Stad

Vi melder med dette oppstart av arbeid med vern av Buholmen ved Ervika i Stad kommune, jf. naturmangfaldlova § 42 kapitel V. Sjå avgrensing av området i kartvedlegg til dette brevet eller ved å gå inn på nettstaden vår. Frist for uttale er 28. februar 2025.

Nasjonalt oppdrag

Verneframlegget er ein del av det nasjonale oppdraget «*Bevaring av verdifull natur*» som for Vestland sin del omfattar oppretting av tre nye nasjonalparker og 22 andre verneområde.

Eitt av desse områda er Buholmen, som er på drygt 212 dekar. Føremålet med vern av holmen vil vere å ta vare på området sin funksjon som hekke- og kvileplass for sjøfugl, og det vil då vere naturleg med vern som naturreservat, jf. naturmangfaldlova § 37.

Trua og sårbar natur

Buholmen er ein relativt ny hekkeplass for krykkje, truleg etablert av utflyttarar frå fuglefjellet på Runde, der den tidlegare store krykkjebestanden no er borte. Buholmen var i nokre år den største krykkjekolonien på Vestlandet, men har vore ustabil dei siste åra. Området vil truleg ver mellom dei første som vil bli tatt i bruk igjen dersom bestandane betrar seg. Krykkja hekkar no berre tre stader i Noreg sør for Stad, og er kategorisert som «sterkt trua» på raudlista. Også den kritisk trua lomvien hekka på Buholmen da krykkjekolonien der var på sitt største.

Sjøfugl er under press frå fleire hald. Ved hekke- og kvileplassar utgjør forstyrring ein viktig trugsel. Vern av desse plassane er eit viktig tiltak for å gi artane auka moglegheit for overleving.

Naturkrise også i Vestland

Globalt, så vel som lokalt i Vestland, står vi overfor ei naturkrise like alvorleg som klimakrisa. Tap av natur til utbygging er den viktigaste enkeltårsaka. Temaet har mellom anna blitt godt illustrert gjennom ulike medieoppslag det siste året. Miljødirektoratet la nyleg også fram ein rapport som viser at tapet av villmarksprega natur er dobla. Frå tap av 117 kvadratkilometer i perioden 2013-2017 til 241 kvadratkilometer i 2018-2022. Områdevern sikrar at viktig natur ikkje blir øydelagt, og er difor eit av våre viktigaste verktøy for å nå nasjonale miljømål og i møte med naturkrisa.



Dette verneoppdraget skal bidra til å dekke manglane i eksisterande verneplanar. Ved å ta godt vare på naturen i desse områda, kan dette bidra til at vi når dei nasjonale måla om bevaring av eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar og om å ta vare på trua artar og naturtypar.

Planstatus og installasjonar

Landarealet innanfor kandidatområdet har i gjeldande kommuneplan arealføremålet *landbruk-, natur-, og friluftsføremål samt reindrift* (LNFR). Det føreligg ikkje andre planar for området utover arealføremålet i arealplanen.

Kystverket leiger i dag delar av grunnen på Buholmen til ei fyrlykt. Vern av området vil ikkje hindre den vidare drifta av lykta. Det vil likevel kunne bli aktuelt med restriksjonar på ferdsle i området, spesielt innanfor hekketida.

Dialog om kandidatområdet

Kommunen vart informert om arbeidet i brev av 28. november 2023, samt møte den 13. desember 2024. Dei har fremma ynskje om å sjå alle føreslegne verneområde på Stadlandet under eitt, for å sikre ei heilskapleg forvaltning og plan for områda. Buholmen skil seg likevel så mye frå andre føreslegne verneområde på Stad, både i utforming og verneføremål, at vi finn det naturleg med ein eigen prosess.

Det har vore uvisse knytt til kven som eig Buholmen. I brev av 7. mai 2024, sendt til nokre grunneigarar i felleseiget ved det tilgrensande fastlandsområdet, blei det etterspurt informasjon om eigartilhøva på Buholmen. Vi vurderer ut frå tilbakemeldinga at det er sannsynleg at felleseiget òg gjeld på Buholmen.

Grunneigarar og Stad kommune har vorte informert om planane om vern i brev av 24. september 2024, med tilbod om informasjonsmøte lokalt dersom det er ynskje om det.

Konsekvensar av vern

Føremålet med vernet er å sikre ein viktig hekke- og kvileplass for trua sjøfuglartar. Det vil seie at det ikkje vil vere mogleg med ny utbygging eller aktivitetar på land eller i sjø som kan skade verneverdiane innanfor området. Drift og vedlikehald av fyrlykta til Kystverket vil kunne halde fram.

Erstatning

Grunneigarar og rettshavarar har rett til erstatning frå staten for økonomisk tap når eit vern medfører ei vanskeliggjering av igangverande bruk etter naturmangfaldlova § 50. Grunneigar vil ha ein frist på fire månader etter vernevedtaket til å fremje skriftleg krav om erstatning til Miljødirektoratet jf. naturmangfaldlova § 51. Då er det Miljødirektoratet som har ansvaret for å sørge for at det vert gjort erstatningsvurdering for grunneigar.

Vidare prosess

Etter at høyringsfristen er ute, vil vi gå gjennom alle innkomne innspel. Då vil vi òg vurdere om det er trong for korrigering eller presisering i verneframlegget med bakgrunn i innspela. Neste etappe i verneprosessen vil vere høyring. Då vil vi presentere eit verneforslag som også inkluderer utkast til vernereglar og oppdatert vernekart.



Tiltak i forslag til verneområde

Vi minner avslutningsvis om at ved denne formelle starten av vernearbeid, at det ikkje kan gjevast løyve til tiltak eller tilskot etter anna lovverk som kan få følgjer for verneforslaget jf. naturmangfaldlova § 44.

Frist for uttale er 28. februar 2025

Frist for å koma med uttale til denne oppstartsmeldinga er 28. februar 2025. Det vil òg vere høve til å kome med uttale til høyringa seinare i verneprosessen. Du kan sende uttale digitalt til postmottaket vårt på adressa: sfvlpost@statsforvalteren.no

Delar av adresselista til dette brevet er henta frå eigedomsregisteret. Dersom de finn feil eller manglar ved adresselista set vi stor pris på å få attendemelding om det.

Med helsing

Eline Orheim
fungerande miljødirektør

Solveig Kalvø Roald
fungerande seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Foreløpig forslag til avgrensing av verneområde.



Kopi til:

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485

TRONDHEIM

Mottakerliste:

Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Anders Odd Berstad	Holevegen 78	6783	Stryn
Anfinn Åvar Ervik	Finnesveien 45	9552	Øksfjorden
Ann-Cathrin L Nygård	Hopeigna 7	6750	Stadlandet
Arna Sissel Hoddevik	Slåttebakkane 11	6814	Førde
Arne Roar Dalsbø	Vestkappvegen 3059	6750	Stadlandet
Dagfred Per Berstad	Ervikbygdvegen 275	6750	Stadlandet
Geir Ole Ervik	Ervikbygdvegen 234	6750	Stadlandet
Helle Thomassen Frogner	Kyrkjebakken 81	6750	Stadlandet
Hilde J Vik Gloppestad	Ervikbygdvegen 311	6750	Stadlandet
Jeanette Mariana Bäckström Natvig	Ervikbygdvegen 258	6750	Stadlandet
Jon Borge Frogner	Ervikbygdvegen 270	6750	Stadlandet
Jonas Anders Larsson	Inste Urene 19	6770	Nordfjordeid
Kjell Magne Ervik	Ervikbygdvegen 202	6750	Stadlandet
Lyder Bäckström Natvig	Ervikbygdvegen 258	6750	Stadlandet
Magnar-Per Barmen	Ervikbygdvegen 355	6750	Stadlandet
May Britt Ervik	Ervikbygdvegen 295	6750	Stadlandet
Nicolai Totland Kalleklev	Ervikbygdvegen 90	6750	Stadlandet
Olav Ervik	Blaauws Vei 11	5022	Bergen
Olav Knut Gloppestad	Ervikbygdvegen 311	6750	Stadlandet
Panida Boonyasirichai	Panida Boonyasirichai, Ervikbygdvegen 90	6750	Stadlandet
Randi Stave Dalsbø	Vestkappvegen 3059	6750	Stadlandet
Roger Nygård	Hopeigna 7	6750	Stadlandet
Rosita Ervik	Sjømannsvegen 1 D	6008	Ålesund
Ruben Egeli Dalsbø	Halmstadveien 38	1424	Ski
Salvatore Ligia	Ervikbygdvegen 307	6750	Stadlandet
Svein Per Ervik	Ervikbygdvegen 248	6750	Stadlandet
Tanja Ervik-Blomli	Fridtjof Nansens Veg 13 B	6007	Ålesund
Åge Jon Ervik	Ervikbygdvegen 295	6750	Stadlandet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Postboks 56	7701	STEINKJER
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM



Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Det norske skogselskap			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådernes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870 Nordnes	5817	BERGEN
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	OSLO
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
Norges Dykkeforbund	Serviceboks 1, Ullevåll Stadion	0840	OSLO
Sør-Norges Fiskarlag	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrenghsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboegate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN



Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
DNT Sogn og Fjordane	Hans Hygens gate 1		Høyanger